

Norges vassdrags- og energidirektorat
v/ nve@nve.no

Dato: 13.01.2025
Sted: Dale i Sunnfjord
Vår ref:
Deres ref:

Søknad om midlertidig avvik frå manøvreringsreglementet for Flågrunnsvatni


Søknaden gjeld midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet for magasin Flågrunnsvatni i forbindelse med bygging av Gravdalen kraftverk.

Me syner til NVE sak som vedkjem Gravdalen kraftverk med konsesjon datert 13.02.2015 (ref. 200703928) og konsesjon for bygging og drift av Borgund Kraftverk med reguleringar og overføringar i Lærdalsvassdraget er gitt ved Kongeleg Resolusjon den 7. oktober 1966(ref. 000043654), med siste vedtaksdato 13. februar 2009. Magasin Flågrunnsvatni har HRV på kote 1473,3 og LRV på kote 1458,5.

Hywer søker på vegne av konsesjonær Østfold Energi AS om senking av vasstand i begrensa del (merka i raudt i figur 1) av magasin Flågrunnsvatni (MAGNR 442) til kote 1446,0 (høgde på luketerskel i bunntappeluke) for to alternative periodar:

- 1. mars 2025 til 30. april 2025.
- 1. mars 2026 til 30. april 2026.

Området som vert senka under LRV er på om lag 38 daa like sør for dam Kvevatni som vist i figur 1. Området vert avgrensa av terskel som vist i figur 2 som har høgde på kote 1458,5, slik at resten av magasin Flågrunnsvatni vil halde kote 1458,5 ved nedtapping. Område som vert nedtappa er tilsvarande det som vert vist i figur 2 under rehabiliteringa av dammen i 2017. Vedtak på søknad om avvik ved rehabilitering er datert 13.01.2017 (ref. 201405144-4).



Figur 1 Magasin Flågrunnsvatni merka i blått, del av magasin Flågrunnsvatni som vert senka under LRV er merka i raudt.

Bakgrunn

Bakgrunn for senka vasstand er for å kunne utføre nødvendig tilkopling av Gravdalen kraftverk. Det skal monterast inn ny skyveventil på eksisterande røyrstuss i inntaket Kvevotni som skal koplast på røyrleidning til Gravdalen Kraftverk.

Sjølve arbeidet vil ta inntil eit par veker, men då det kan vere krevjande vêrtilhøve i området søkast det om ein periode på 2 månadar. Tidspunkt kan då tilpassast optimale tilhøve slik at arbeid og nedtapping kan skje på best mogleg vis.

Det vil vere nødvendig å køyre opp utstyr og mannskap. Arbeidet vil hovudsakleg skje under bakken inne i inntaksarrangementet ved dammen.

To alternative periodar

I søknaden er det lagt inn to ulike periodar for senking av vasstanden i magasinet, mars og april 2025 og mars og april 2026. Mars og april i 2025 er den føretrekte perioden som ein arbeider mot å rekke, men ein ser at det kan bli utfordringar med å rekke å få utført nødvendige klargjeringar for arbeidet innan perioden i 2025 er omme. Ein ynskjer difor å søkje om å ha tilsvarande periode i 2026 som eit alternativ dersom ein ikkje rekk perioden i 2025. Det er berre ein av dei alternative periodane som vert nytta.



Figur 2 Bilete teken frå dam Kvevotni ved førre rehabilitering av dammen. Terskel i enden av vatnet er på høgde med LRV for Flågrunnsvatni.

Utføring av senking av vasstand

Magasinet vil gjennom vinteren i eit normalår tappast ned og oppnå lågaste vasstand i løpet av året i slutten av april. Ein vil nytte tida denne naturlege lågperioden for å få utført arbeidet. Senkinga vil bli utført slik heile magasinet vert senka ned til LRV noko tidlegare enn vanleg, men senkinga vil skje gradvis gjennom heile vinteren.

Når heile Flågrunnsvatni er tappa ned til LRV vil det siste avgrensa området ved dammen kunne tappast heilt for vatn. Denne siste tappinga vil også skje så gradvis som mogeleg for å unngå erosjon og at fisk strandar. Arbeidet vil vere utført seinast innan 30. april, slik at magasinet naturleg kan fyllast opp ved snøsmelting i mai.

Konsekvensar av senkinga

Magasin Flågrunnsvatni er eit populært fiskevatn, og Kvevasshytta ligg like ved dammen. Området er likevel utilgjengeleg for allmenta i mars-april då vegen opp ikkje er brøytt opp for sesongen. Nedtappinga vil difor ikkje ha konsekvensar for friluftsliv.

Nedtappinga vil følgje den naturlege svinginga i vasstand. Det ytterlegare senka området er ein svært begrensa del av magasinet, samt vart det ved førre nedtapping i 2017 utført omfattande grunnarbeid i dette området som ein ser i figur 2. Det er langsam tilvekst av vegetasjon i høgfjellet og i slike magasin i høgfjellet er så godt som fråverande botnvegetasjon i magasinet. Det er difor ikkje noko vegetasjon som vert påverka av nedtappinga.

I Kvevatni er det ein god bestand med aure. Den kan verte noko påverka av den senka vasstanden. Endringa i vasstand vil skje gradvis slik at fisken ikkje strandar. Dersom det er noko fisk igjen i det avgrensa området ved dammen må denne flyttast til over terskel på ein forsvarleg måte. Då det er gjort større inngrep i nyare tid i området som skal tappast heilt ned er dette truleg ikkje eit attraktivt gyteområde. Det vil truleg vere noko botndyr som vil gå tapt ved nedtapping, men då området som skal tappast ned er av begrensa storleik vil dette truleg ha låg konsekvens.

Området ved Kvevatni er leveområde for villreinen, men villreinen er høgst truleg ikkje reetablert i området innan den siste alternative perioden er over. Dersom reetableringa vert starta opp før april 2026 vil konsesjonær med bakgrunn i Gravdalen kraftverk allereie ha tett dialog med villreinnemnda og tiltak kan settast i verk i samarbeid med dei.

Det er registrert fleire raudlista fuglar i området ved magasinet. Då arbeidet i hovudsak vil føregå under bakken, vil desse verte minimalt påverka. Arbeidet vil vere ferdig før hekkeperioden i dette området truleg startar.

Totalt sett vil senking av vasstanden som er beskrive i søknaden ha få konsekvensar for naturmangfald og friluftsliv.

Med vennleg helsing

Nina Hjartholm
Prosjektutviklar
Hywer AS